



Sluttrapport – prosjektet «Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal»

Møre og Romsdal fylkeskommune v/seksjon for arkiv, bibliotek og museum (ABM-seksjonen) vart i 2021 tildelt midlar frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal». Vi takkar for prosjektstøtta frå Nasjonalbiblioteket på kr. 350 000. Møre og Romsdal fylkeskommune gjekk i tillegg inn med kr. 200 000 i eigenandel.

Prosjektet har hatt ei arbeidsgruppe beståande av to tilsette ved ABM-seksjonen, i tillegg har seksjon for berekraftig samfunnsutvikling og representantar frå Framtidslaben og The North West vore med. Fire av biblioteka i fylket deltok i prosjektet: Sunndal, Ålesund, Hareid og Sula.

Mål for prosjektet

Målet med prosjektet var at:

- Biblioteka i fylket får god kjennskap til FN sine berekraftsmål
- Biblioteka som deltok i prosjektet vart i stand til å arbeide strategisk med berekraftsmåla
- Biblioteka som deltok i prosjektet vart meir synlege i kommunane sitt berekraftsarbeid
- Biblioteka som deltok i prosjektet vart i stand til å utvikle tiltak og eventuelt nye publikumsretta tilbod på bakgrunn av kommunane sine KPI-analyser, i samarbeid med andre interessantar og målgrupper
- Det skulle bli utvikla ein modell på bakgrunn av biblioteka sitt arbeid med KPI-analysene som hadde overføringsverdi til andre bibliotek

Måloppnåing

Vi har hatt fleire faglege påfyll om berekraft for alle bibliotek i fylket. Vi meiner fleire har fått inspirasjon til å arbeide med FN17 enn tidlegare, dette med bakgrunn i ei undersøking vi sendte ut til alle biblioteka våre om kompetanse og kompetansebehov, der 39 av 62 respondentar svarte at dei arbeidde aktivt med FN17 i sitt bibliotek. Det er også ei generell høgare interesse kring arbeid med berekraft, dette ser vi via ulike møtepunkt vi har med biblioteka i fylket.

Biblioteka som deltok i prosjektet har vorte i betre stand til å arbeide strategisk med FN17. Dei har gjennom prosjektperioden lært å forankre arbeidet sitt, og dei har valt



satsingsområdesatsingsområder ut frå FN17, kommuneplanar, data frå Folkehelse- og oppvekstprofil for eigen kommune, samt [KPI-analyser](#) for å grunnngje eigne satsingar. Biblioteka som deltok har vorte meir synlege i kommunane sitt berekraftsarbeid. Det har vore lite fokus på berekraft hos dei kommunane som har vore med frå før, så biblioteka har vorte ledande på dette arbeidet i eigen kommune gjennom prosjektet. Det har og vore stor synlegheit i lokale media kring prosjektet.

Alle biblioteka som deltok i prosjektet har fått nye tiltak og publikumsretta tiltak, ikkje berre på bakgrunn av dei enkelte si KPI-analyse, men også med forankring i andre kunnskapsgrunnlag som nemnt over.

Som eit tillegg til denne rapporten har vi utarbeidd «Bibliotek og berekraft – Erfaringar, anbefalingar og eksempel frå fire folkebibliotek i Møre og Romsdal». I dette dokumentet presenterast prosess og erfaringar meir inngåande, her vil ein også kunne lese meir om dei ulike satsingane til biblioteka i prosjektperioden.

Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet kom ikkje skikkeleg i gong før mai 2022, detta grunna sjukmeldingar og mangel på kapasitet i ABM-seksjonen. Vi fekk utsett rapporteringsfrist frå Nasjonalbiblioteket til 15. januar 2024.

Vi hadde første samling med dei deltakande biblioteka i august 2022. Her hadde vi besøk av Tom Rian frå Ålesund kommune som snakka om dei enkelte sine KPI-analyser og gav anbefalingar for vegen vidare. Vi hadde også ein workshop for å sette i gong tankeprosessar hos deltakarane, og det vart etter samlinga beslutta å endre framdriftsplanane noko. Bakgrunn for dette var at vi såg at biblioteka trengte meir hjelp til praktisk prosjektstyring og forankring.

Etter første samlinga med prosjektgruppa jobba vi internt i ABM-seksjonen med å gå gjennom kommune- og kulturplanar, folkehelse- og oppvekstprofilar og KPI-analysene til dei enkelte for å hjelpe dei i gong. Prosjektgruppa hadde deretter ei digital samling i 6. september 2022, der målet for dagen var å sjå kva utfordringar den enkelte kommune har og kva satsingsområde som kunne vere aktuelle for dei, og knytte dette opp mot FN17. ABM-seksjonen hadde på førehand førebudd presentasjonar av funna vi hadde gjort for dei ulike kommunane, i tillegg gjekk vi inn på kvart enkelt berekraftsmål og diskuterte rundt dette. Vi utfordra dei på følgande:

- Basert på lokale utfordringar og satsingsområde/mål i eigne kommunar – kva behov ønsker eg å fokusere på? Knytt dette opp mot berekraftsmål.



- Finne interessenter – Kven i min kommune arbeider mot samme delmål eller opp mot samme utfordringar? Korleis kan desse bidra inn i prosjektet?

Etter denne samlinga fekk dei i oppgåve å levere inn ein idèpitch som dei seinare skulle presentere for kvarandre, basert på det vi hadde gjort så langt. I etterkant av dette fekk dei i oppgåve å skrive ei prosjektbeskriving basert på idèpitchen, noko som var ei ny erfaring for fleire av dei som deltok. Biblioteka måtte levere prosjektbeskrivingar med aktivitetsplan og budsjett til oss i slutten av oktober 2022, og desse måtte godkjennast før dei fekk gå vidare i prosessen. Arbeidet med prosjektbeskrivingane viste seg å vere verdifullt, og til tross for at ein brukte ein del tid på desse var resultatet at biblioteka våre såg viktigheita av å sette seg mål, begrunne og forankre arbeidet sitt.

Som ekstra inspirasjon dekte prosjektet digital deltaking på Norsk kulturforum sin Kultur- og bærekraftskonferanse 19.-20. oktober 2022 for dei deltakande biblioteka. ABM-seksjonen deltok også på dette. Tilbakemeldingar frå biblioteka viste at dette var nyttig og inspirerende for dei å delta på.

1. november 2022 hadde vi ei ny fysisk samling med prosjektgruppa. Biblioteka presenterte sine prosjekt for kvarandre, og dei fekk tilbakemeldingar og innspel. Vi snakka også om korleis dei skulle gå fram for å komme i gong med prosjekta sine, og vi snakka om kva vi kunne bidra med, litt om praktisk prosjektstyring og rekneskap.

Biblioteka har frå november 2022–desember 2023 arbeidd med sine prosjekt ute i kommunane. Undervegs i heile prosjektet har ABM-seksjonen vore tett på alle dei fire biblioteka. Vi har hatt individuell oppfølging med dei enkelte undervegs, i tillegg har vi vore tilgjengeleg ved behov. Det vart m.a. oppretta ein eigen chat på Teams, som har vore flittig brukt heile prosjektperioden. Det har vore ei ny erfaring for oss å vere så tett på, og vi ser at det har fungert godt, noko vi også har fått tilbakemeldingar om.

Faglege påfyll

Når det gjeld biblioteka i fylket har dei fått ei rekke faglege påfyll om berekraft som dei kan dra nytte av til arbeid i eigne bibliotek, for å nå målet om at biblioteka i fylket skulle ha god kjennskap til FN sine berekraftsmål. I utgangspunktet skulle desse påfylla vere ein fysisk fagdag, men det vart beslutta at det var mest hensiktsmessig å gjennomføre dei fleste påfylla digitalt fordi ein då ville nå fleire. Dette er også meir berekraftig med tanke på at ein slepp reiseverksemd for å delta. Det har til saman vore tre digitale påfyll og eit fysisk foredrag om berekraft i regi av prosjektet:



- 17.06.22: Kristin Hansen presenterte KPI-analysene som vart utarbeidd i samband med berekraftsrapporten for Møre og Romsdal. Gjermund Langset frå The North West snakka om berekraftig utvikling for kultursektoren, og kva kulturen har å seie for kommunen sine innbyggjarar.
- 29.09.22: Espen Eigil Barrat-Due Solum fortalte om forskingsprosjektet Upscale i regi av Cicero, som handla om korleis bibliotek kan bidra til grønn omstilling og oppskalering av delingsøkonomien.
- 24.10.22: Agnete M. Hafskjold frå Skien bibliotek fortalte om deira arbeid med Miljøbiblioteket.
- 27.10.22: Ayse Koca hadde innlegg om Bærekraftsbiblioteket, dette vart gjennomført fysisk i samband med ABM-konferansen i Møre og Romsdal.

Erfaringar frå prosjektet

Ein viktig del av arbeidet med prosjektet har vore å jobbe med berekraft og berekraftsmåla. Det er i stor grad folkebiblioteka i prosjektet som har fysisk utvikla tiltak og tilbod basert på berekraftsmåla. For ABM-seksjonen har den viktigaste erfaringa vore det å jobbe strategisk saman med folkebiblioteka om å velje satsingsområde basert på berekraftsmåla, KPI-analyser, folkehelse- og oppvekstrapport samt gjeldande kommuneplanar for biblioteka. Vi har utfordra dei deltakande folkebiblioteka til å starte sine eigne prosjekt, der dei måtte levere frå seg ein prosjektplan dei har jobba lenge og grundig med. Fokuset har vore å gjere dei betre rusta til å klare å gjennomføre prosjektet, med klare forankringar, mål og plan for prosjektet. Dei måtte vise kva dei ville gjennomføre med dei midlane dei skulle få frå oss, og kvifor dei ville gjere det.

ABM-seksjonen har hatt tett oppfølging med folkebiblioteka gjennom planleggingsfasen som varte i eit halvt år. Tilbakemeldinga seksjonen fekk var at dette var ein ny måte for biblioteka å jobbe på, og noko dei ønsker at vi fortsett med i framtidige prosjekt. Dei tilsette frå folkebiblioteka som deltok i prosjektet har jobba stort sett aleine eller saman med nokon få andre. Derfor har det vore verdifullt å ha eit samarbeidsforum med dei andre folkebiblioteka i prosjektet samt ABM-seksjonen.

Presentasjon av prosjektet

- Presentasjon på KS sitt berekraftsnettverk «[Bærekraftsfredag: Bærekraft og deling av de gode idéene](#)», september 2022
- Presentasjon frå Sunndal folkebibliotek om arbeidet med prosjektet på Fylkeskulturkonferansen i Møre og Romsdal 2023.



- Presentasjon av prosjektet på Introduksjonskurs for nye biblioteksjefer, som er eit samarbeidsprosjekt med Trøndelag fylkeskommune, Innlandet fylkeskommune, Nordland fylkeskommune og Troms fylkeskommune.
- Vi planlegg å presentere prosjektet på Biblioteksjefmøte i Møre og Romsdal 2024, i tillegg vil prosjektet bli presentert på delingsnettverk for fylkesbiblioteka i løpet av hausten 2024.

Prosjektorganisering, ressursar

Prosjektet har blitt leia av ABM-seksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune ved One Marthe Jostad Vik og Anne Askeland.

Deltakande folkebibliotek var Sula bibliotek ved Elisabeth Flåskjær Kjerstad og Oana Skarboe, Sunndal folkebibliotek ved Lina Engelsrud, Ålesund bibliotek ved Eva Ulla Myren og Hareid folkebibliotek ved Anne Vasstrand og Nora Maria Rognstad.

Gjermund Kvernmo Langset frå The North West var inne i planleggingsfasen av prosjektet og bidrog med fagleg påfyll. Hauk Gjørtz frå Framtidslaben deltok på ei av samlingane med prosjektgruppa, Framtidslaben bidrog også med fasilitering av denne samlinga. Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling i Møre og Romsdal fylkeskommune har vore ein god samarbeidspartner internt, dei kjem også til å vere med på vidare samarbeid innan vårt arbeid med berekraft.

Økonomi og kommentar til rekneskap

Det er enkelte endringar i kostnadsfordelinga samanlikna med budsjettet som vart satt opp.

- Prosjektet fekk utsett oppstart, som gjorde at prosjektperioden vart korta ned frå to år til 1,5 år. Dette gav utslag på budsjettert eigeninnsats i prosjektet, som vart mindre enn budsjettert.
- Usikkerheit rundt covid-19-restriksjonar gjorde at vi valte å ha digitale fagpåfyll i staden for fysisk samling som skildra i søknaden. Dette sparte oss for både større utgifter til faglege samlingar, og eigeninnsats til planlegging og gjennomføring av samlingane. Dette førte til mindre kostnad enn budsjettert.



- Ikkje alle biblioteka klarte å gjennomføre eigne prosjekt som planlagt. Dette førte til at vi hadde mindre utgifter knytt til tiltak i folkebiblioteka.
- Vi valte å omdisponere noko av midlane til å kjøpe inn berekraftsksesker på vegne av biblioteka i prosjektet. Desse har vore viktig for å synleggjere prosjektet på arrangement, generelt i biblioteket og på sosiale medium og diverse presseoppslag om prosjektet.
- Vi har avtalt med Nasjonalbiblioteket at dei dekker 63,64 prosent og Møre og Romsdal fylkeskommune dekker 36,36 prosent av utgiftene knytt til prosjektet. Sjå vedlagt signert rekneskap.

Vegen vidare

Prosjektet har gitt både biblioteka og fylkeskommunen i Møre og Romsdal ei sentral posisjon i berekraftsarbeidet som blir gjort i bibliotekfeltet. Gjennom «modellen» som er presentert i eigen rapport der vi deler erfaringar, anbefalingar og case-eksemplar frå dette prosjektet håper vi andre vil finne inspirasjon og forslag til korleis dei kan jobbe med berekraft i bibliotek. Vi vil trekke fram to punkt som særleg viktig i arbeidet med berekraft og bibliotek framover.

- Synleggjere at det arbeidet ein gjer i biblioteka er berekraftig
- Samarbeid for å nå måla – kanskje den viktigaste lærdommen frå prosjektet?

Det er mange som jobbar med berekraft i biblioteksektoren, men det er ikkje noko heilheitleg einigheit om korleis ein jobbar med det. Målet for ABM-seksjonen framover er å sjå på moglegheit for nye samarbeid med andre som også jobbar med berekraft i kultursektoren og på bibliotekfeltet for å samle arbeidet som blir gjort. Vi trur at dette vil bidra til å styrke biblioteka si rolle, særleg i eigen kommune som sentrale berekraftsaktørar.